



Marøy, Vidar
Marøyvegen 330
5937 BØVÅGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

11/1014-13/ 13/8659/23/7/HAS

Dato:

Manger: 30.08.2013

GNR 23/7 MARØY - SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE - SVAR PÅ E-POST

Radøy kommune viser til dykkar e-post datert 26.08.13, der de ber om svar på at det vanleg praksis nabobruket vert belasta med eit utsleppsløyve over eigedomen sin utan å ha gitt samtykke til dette.

Eigar av gnr. 23 bnr. 7 har i vedtak datert 11.01.13 fått følgjande løyve:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 og Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune § 7 vert det gjeve UTSLEPPSLØYVE for utslepp frå minireinseanlegg reinseklasse A på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireinseanlegg i reinseklasse A. Restutsleppet frå minireinseanlegget skal førast i tett leidning til heilårsresipient som omsøkt og vist på kart. Avløpsanlegget skal utførast i samsvar med forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune.

Dette løyvet er gjeve i samsvar med «Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune, datert 01.09.10.»

I situasjonsplan datert 14.12.12 har eigar av gnr. 23 bnr. 7 vist plassering av minireinseanlegg og leidningsnett fram til kistegrøft som har vassføring heile året. Dette er i samsvar med lokal forskrift § 11 b. Minireinseanlegget og leidningsnettet er plassert på eigen grunn.

Det er ikkje vanleg praksis at gjenbuar skal gje samtykke til at grunneigar kan plassere minireinseanlegg og leidningsnett på eigen grunn.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar plan, oppmåling og byggesak/ Jur. rådgj.

Hogne Askeland
Prosjektkoordinator

Kopi til:

Magne Marøy

Marøyvegen 331

5937

BØVÅGEN